



Anne Laue

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/778 - 14/19453

Saksbehandlar:  
Kathrine Straumøy Brakstad  
kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
09.12.2014

## Referat frå kontaktmøte 03.12.2014

Til stades:

Frå arbeidsgjevar:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit  
Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen  
Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes

Frå arbeidstakarorganisasjonane:

Fagforbundet v/Kjersti V. Nesse  
Delta v/Kari R. Ytterdal  
FO v/ Lena Ytreland  
Naturviterne v/ Berit M. Eskeland  
NITO v/ Harry Finseth

### Sak 1: Budsjett 2015

Formannskapet har lagt fram budsjett for 2015 til offentleg ettersyn. Dei legg fram rådmannen sitt forslag, med ein merknad til protokoll der ein skal gje meir til dei private barnehagane og opne 2 nye rom på sjukeheimen, men det er ikkje sagt noko om kvar desse pengane skal takast i frå.

Budsjettet skal behandlast i Kommunestyret 17.12.2014.

Budsjettet inneber vidareføring av dagens drift med styrking på nokre områder.

Arbeidstakarorganisasjonane stilte spørsmål om kva som skjer dersom det vert vedtatt kutt, vil det medføre oppseiing?

Signala som politikarane har gitt tyder ikkje på at det er stillingar som vert kutta, men dersom det vert tilfelle vil det verte gjennomført skikkelige prosessar.

Tabell på side 19 i framlegg til budsjett viser kva nye satsingsområder som kjem i 2015 dersom budsjettet vert vedtatt.

### Sak 2: Drøftingar tenesteområda

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

I samband med orienteringa om budsjett kom det ein merknad frå arbeidstakarorganisasjonane om at det er vanskeleg å vere Hovudtillitsvald for tida, ein klarer ikkje fange opp alle prosessane som foregår og etterlyser drøfting på fleire områder. Det vart påpeika kor viktig det er at organisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg i dei prosessane som foregår på tenesteområda.

Arbeidsgjever tar dette med seg vidare og gjev ei ny påminning til tenesteområdeleiarane. Med bakgrunn i delegasjonsreglementet vil mykje av dei formelle drøftingane foregå på det einskilde tenesteområdet.

### **Sak 3: Rutine søkerlistar**

Det har vore stilt spørsmål frå Utdanningsforbundet om kva rutine som er gjeldande for utsending av søkerliste til Hovudtillitsvald.

Rutinen var tema på drøftingsmøte i 2008, men då det er mange nye HTV kan det vere greitt med ei ny avklaring.

Slik rutinen er i dag vert søkerlistene sendt til tilsetjingsrådet, inkludert vara.

Dei TV som skal vere med på intervju vil i den samanheng få tilsendt listene. Arbeidsgjever sender elles ut listene på førespurnad.

Det er også mogleg for dei HTV som ønskjer det å få tilsendt søkerlistene samstundes som tilsetjingsrådet, men då vil alle stillingar vert sendt.

Dersom nokon av dei tillitsvalde ønskjer dette må dei gje melding til personalkonsulent.

Det var ingen frå arbeidstakarorganisasjonane som ønskjer ei endring i ordninga, og ein fortset slik som i dag.

### **Sak 4: Lærlingar**

Saka vart meldt inn frå Fagforbundet som ønskjer eit større fokus på lærlingar i kommunen. Dei representerer framtida og det er viktig at det vert sett av pengar til dette i budsjettet. Når ein har elevar i praksis er det viktig at dei vert godt mottatt på avdelingane og får sjå kor viktig den jobben som vert gjort er.

Arbeidsgjever tar dette med seg vidare, og viser til at det allereie er lagt inn i strategidokument for rekruttering.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad  
personalkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kari Anne Iversen  
Guro Osnes  
Anny Bastesen  
Tord Moltumyr  
Randi Rotevatn Minde  
Britt Hilde Romarheim  
Kjell Ølnes  
Camilla Smith-Strøm  
Solbjørg Åmdal Sandvik  
Arngunna Haga  
Bente Bing Kleiva  
Magne Lædre  
Irene Hystad Hugaas  
Per Inge Olsen  
Hogne Brunborg  
Rolf Inge Fyllingsnes  
Ingvild Hjelmtveit

**Mottakere:**

Anne Laue  
Lena Ytreland  
Harry Finseth  
Kari Røslund Ytterdal  
Kjersti Vikebø Nesse  
Lillian Merethe S. Torvund  
Petter Seliusen  
Berit M. Eskeland  
Adolf Hovgaard